



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Anniken Friis, 5557 2313

Vår dato
29.09.2015
Dykkar dato
01.07.2015

Vår referanse
2015/9401 561
Dykkar referanse
12/2844

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Motsegn til bygging av Drøllstølsbekken kraftverk

Bygging av Drøllstølsbekken kraftverk vil råke område med nasjonal og regionalt viktige verdiar knytte til naturmangfald og friluftsliv. Vidare utbygging i Sysendalen må vurderast i større plansamanheng, der samla belastning på naturmangfaldet er premissgivande for utviklinga. Fylkesmannen fremjar motsegn til bygging av Drøllstølsbekken kraftverk.

Drøllstølsbekken ligg i randsona til Hardangervidda nasjonalpark med nedbørsfelt som ligg sør og vest for Bjoreidalen og Bjoreio. Elva ned i Sysendalen ved Garen er og synleg frå Rv 7 som er nasjonal turistveg.

Omtale av prosjektet

Det er planlagt inntak på kote 915 og kraftstasjon på kote 740 langs eksisterande hytteveg på Fet. Røyrkata skal gå på austsida av elva og gravast ned, i alt 1,6 km. Den går i hovudsak gjennom ope terreng, men unntak av eit parti med 300 meter blokkmark. Grunna mykje fjell reknar ein med at det blir omfattande sprenging langs røyrtraseen. Det skal byggjast mellom-bels anleggsveg langs røyrkata opp til inntaket, og ein vil halde tilkomst med ATV til bruk i driftsfasen. Det er ikkje trong for deponiområde. Søkjar gjer framlegg om minstevassføring på 10 l/s gjennom heile året. Kraftstasjonen er planlagt på tomte til eit gamal klekkeri i området. Ein traktorveg fram hit skal oppgraderast om lag 50 meter. Kraftverket vil produsere 9,5 GWh pr år. Søkjar planlegg å grave ned kraftlina fram til eksisterande 22 kV line ved hyttefeltet på Fet, men har ikkje fått stadfesta om det er kapasitet i nettet.

Det er vurdert alternativ utbygging med inntak på kote 755. Det vil gje kortare vassveg og lågare produksjon. Alternativet er ikkje omsøkt.

Tilhøve til gjeldande planar

Øvre del av tiltaksområdet ligg i nasjonalt villreinområde, jf. *Regional plan for Hardangervidda 2011-2015*. I følgje retningslinene for planen skal ein vere varsam med ny kraftutbygging i villreinen sine leveområde. Vidare ligg utbyggingsområdet i randsona til Hardangervidda nasjonalpark som er eit viktig oppmarsjområde til vidda. Området er verdsett som regionalt viktig friluftsområde i Hordaland, og det ligg opp til sårbart høgfjellsområde, jf. *Regional plan for småkraftverk for Hordaland 2009 - 2021*. Kraftverket er vist i nyleg vedteken reguleringsplan for Fet. Arealbruken her er ikkje juridisk bindande. Eidfjord kommune er i gong med revisjon av kommunedelplan for Sysendalen, som og omfattar Drøllstølsbekken.

Utbyggjar sine vurderingar av konsekvensar

Tiltaket vil føre til redusert vassføring i Drøllstølsbekken og gje negative verknader for landskapet. Inngrepet vil bli særleg synleg langs røyrгатetraseen og i øvre del av tiltaksområdet, som er glissen og opent fjellterreng. Fossestryk i vassdraget vil bli sterkt reduserte, med unntak av periodar med snøsmelting og store nedbørmengder. Utbyggjar viser likevel til at inngrepet vil bli lite synleg fordi vassstrengen går nedsenka i terrenget og omkransa av vegetasjon. Utbyggjar meiner ut frå dette at konsekvensane av inngrepa på landskapet er *liten – middles negativ*, og viser til at landskapsinngrepa blir størst i anleggsperioden. Konsulenten har sett konsekvensar til *middels negative* for landskap.

Utbyggjar viser til at utbyggingsområdet vert mykje nytta i samband med friluftsliv, både sommar og vinter. Det er vist til at Hardangervidda med innfallspørt frå Garen er regionalt viktig friluftsområde med stor verdi. Verknad for friluftslivet vert sett på som størst i anleggs-tida, og er samla sett vurdert som *middels negativ*.

Tiltaket ligg i randsona til det største inngrepsfrie naturområdet i Sør-Norge, og vil føre til tap av i alt 3,6 km² villmarksprega områder, 2,1 km² i sone 1 og 3,2 km² i sone 2. Konsekvensane for dette er sett til *middel – stor negativ*.

Naturtypar som er registrerte i området omfattar fossesprøytsone og bjørkesog med høgstaudevegetasjon, alle med lokalt viktig C-verdi. Øvre del av tiltaksområdet ligg innfor Hardangervidda villreinområde. Eidfjord er potensielt viktig kalvingsområde. Søkjar meiner at tiltaket samla sett vil ha *liten – middels negativ konsekvens* på terrestrisk miljø.

Eksisterande utbygging og vernevedtak

Sysendalen er i dag prega av ulike inngrep og utbyggingar, som bustader, hyttefelt, næringsområde, campingplass, steintak, golfbane, skitrekk og landbruksområde mm. I tillegg set tidlegare kraftutbygging tydelig preg på landskapet, der Sysendammen, magasinet for Sy-Sima kraftverk, er det mest dominerande. Andre kraftutbyggingsprosjekt i Bjoreio er Leiro kraftverk, Tveitafoss kraftverk og Storlia kraftverk. I Isdalen ligg det føre søknadar om bygging av Isdalvatnet og Isdal pumpekraftverk.

Veigvassdraget er varig verna mot kraftutbygging. Grensa til Hardangervidda nasjonalpark ligg rett sør for planlagt inntakspunkt for Drøllstølsbekken kraftverk. Mestparten av villmarksområdet ligg innfor nasjonalparken.

Ut frå dagens utbyggingar vurderer konsulenten samla belastning i området som *middels – stor*.

Fylkesmannens vurdering av tiltaket

Drøllstølsbekken utgjer eit viktig landskapselement i Sysendalen. Utbyggingsområdet har verdi for friluftsliv i både lokal, regional og nasjonal samanheng, og vert nytta heile året av hyttefolk og tilreisande. Garen er ein sentrale innfallspørt til turområda på vestsida av Hardangervidda.

Tiltaket ligg nær nasjonalt villreinområde og i randsona til Hardangervidda nasjonalpark. Utbygging vil føre til uvanleg stor reduksjon i samanhengjande naturområde med urørt preg, det største i Sør-Norge.

Presset på attverande naturkvalitetar i Sysendalen er høg. Kommunen arbeider med planar for omfattande ny utbygging, som turistdestinasjonar med gondolbane, hytter og nye vegar. Ein ny og revidert kommunedelplan for Sysendalen vil vere heilt sentralt når det gjeld å vurdere omfanget av vidare utbygging når det gjeld samla belastning på grønststruktur og natur, som landskap, vassdragsnatur, turområde og område av verdi for biologisk mangfald.

Samla belastning på naturmangfaldet må vere premissgivande for vidare utvikling. Ein konsekusjonssøknad for kraftutbygging gir ikkje grunnlag for nødvendige vurderingar.

Konklusjon

Utbygginga vil råke viktige verdiar knytte til naturmangfald, landskap, vassdragsnatur, friluftsliv, opplevingsverdi og urørt natur. Det ligg føre omfattande planar for utbygging i området, og det er nødvendig å vurdere samla belastning på naturmangfaldet i større plansamheng. Konesjonssøknaden gir ikkje grunnlag for å vurdere om det er rom for kraftutbygging i området.

Fylkesmannen fremjar motsegn til bygging av Drøllstølbekken kraftverk.

Med helsing

Rune Fjeld
assiserande fylkesmann

Anniken Friis
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	Eidfjord
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN